



Roy William Ottemo  
Holsbergstien 6  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/4772 - 22/53308

Saksbehandlar:  
Are Frøysland Grande  
are.froysland.grande@alver.kommune.  
no

Dato:  
28.06.2022

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 353/26 Bratshaug**

Tiltak: Tilbygg  
Byggjestad: Gbnr: 353/26  
Tiltakshavar: Roy William Ottemo  
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 10.06.2022.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig.  
Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Fristen for nabomerknader hadde ikkje gått ut då søknaden blei sendt kommunen. Du må sende inn ein kommentar til nabomerknadene som er innkomme.
2. Innsende situasjonskart er mangelfult / uklart. Du må sende inn ein ny situasjonsplan der manglande informasjon er påført:
  - a. Du må teikne inn avstandane frå det nye tiltaket til nærmaste nabogrense.
  - b. Du må teikne inn avstand frå det nye tiltaket til dei nærmaste bygningane.
  - c. Du må teikne inn avstand frå det nye tiltaket til senterlinje av veg. Vi gjere for ordens skuld merksam på at i det tilfellet tiltaket er nærmare enn 50 meter, må det søkjast om dispensasjon frå avstand til Fylkesveg.
  - d. Du må teikne inn tiltakets utvendige hovudmål.
3. Innsende planteikningar har ikkje tilstrekkeleg informasjon om tiltaket. Du må sende inn nye planteikningar der manglande informasjon er påført:
  - a. Målsette planteikningar.
4. Innsendte snitteikningar er mangelfulle / uklare. Du må sende inn nye snitteikningar der følgjande informasjon er påført:
  - a. Takvinkel må påførast snitta.

- b. Snitta må syne møne- og gesimshøgde frå gjennomsnittleg ferdig planert terreng.
5. Innsendte fasadeteikningar er mangelfulle / uklare. Du må sende inn nye fasadeteikningar der fylgjande informasjon er påført:
  - a. Det må gå klart fram av fasadeteikningane kva som er nytt og gammalt tiltak. Du kan for eksempel velje å markere det nye tiltaket med gult omriss.
6. Vi kan ikkje sjå av innsendt dokumentasjon at det fylgjer med planteikningar, snitteikningar eller fasadeteikningar av omsøkte hagestove / bod / hobbyrom.
7. Du har i søknaden kryssa av for at tiltaket skal plasserast i område som er utsett for flaum, skred og andre natur og miljøforhold jf. pbl § 28-1. Du må sende inn ein utredning frå fagkyndig om korleis risiko for desse forholda er ivaretatt.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **01.09.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Roy William Ottemo

Holsbergstien 6

5918

FREKHAUG